



341

Driftsresultat (45)

421

Resultat før skatt (97)

407

Kraftproduksjon GWh (426)

834

Omsetning (467)

329

Tilsette (300)

3 840

Totalkapital (3 672)

57

Eigenkapitalprosent (52)

Rekneskap per 1. halvår 2026

Tussa aukar driftsresultatet med 295,8 mill. kr samanlikna med tilsvarende periode i 2025. Vesentleg høgare kraftprisar gav eit betydeleg løft i resultatet frå kraftproduksjonen. Samstundes leverte både IKT- og installasjonsverksemda betre resultat enn året før.

Rekneskapen per 1. halvår 2026 syner eit driftsresultat på 340,7 mill. kr (44,9) og eit resultat før skatt på 420,9 mill. kr (97,3). Omsetninga vart 834,1 mill. kr (467,2), totalkapitalen er 3 840,4 mill. kr (3 672,4) og eigenkapitalprosenten er 56,5 prosent (51,8). Netto finans syner eit resultat på 80,2 mill. kr (52,4). Tilsvarende tal per 1. halvår 2025 står i parentes.

Netto finans viser 80,2 mill. kr (52,4) for Tussa. Inntekta frå Linja er lågare enn i fjor. Dette kjem av at selskapet i 2025 hadde høge harmoniinntekter etter samanslåinga av Mørenett og Linja. Inntekta frå Istad er derimot høgare enn i fjor, noko som skuldast høgare kraftprisar.

Netto valutagevinst i samband med eurolån, og positiv utvikling i marknadsverdien på rente-/valutaswap, bidreg til at finansresultatet har styrka seg. I 2025 hadde Tussa eit netto valutatap knytt til eurolån, og negativ utvikling i marknadsverdien på rente-/valutaswap. Nedskriving på grunn av ny verdsetting ved salet av aksjane i Eviny Solutions påverka finansresultatet negativt per 1. halvår 2025.

Skattekostnaden er estimert til 163,9 mill. kr (17,7). Det er estimert 73,8 mill. kr i overskotsskatt, og 90,1 mill. kr i grunnrenteskatt. Skattekostnaden utgjer om lag 39 prosent av konsernresultatet før skatt (18). Resultatet etter skatt er 257,1 mill. kr, som er 177,5 mill. kr betre enn ved 1. halvår 2025.

Investeringar i varige driftsmiddel er på 119,0 mill. kr (102,4), fordelt på kraftproduksjon med 64,5 mill. kr (27,9), IKT med 46,8 mill. kr (56,7), installasjon med 7,6 mill. kr (17,8) og morselskap med 0,1 mill. kr (0).

Totalkapitalen er 168,0 mill. kr høgare enn på same tid i fjor. Grunnen til dette er mellom anna auke i aksjeverdien i Linja, i tillegg til auke i anlegg under utføring innanfor kraftproduksjonsverksemda.

Tala er ikkje reviderte, og det er ei forenkla skatteberekning som ligg til grunn.

KRAFTPRODUKSJON

Kraftprisen for NO3 i første halvår var betydeleg høgare enn tilsvarende periode i 2025, og den høgste nokon gong. Normalt fell prisen i 2. kvartal, men dette skjedde ikkje i år. Årsaka er ein vinter med uvanleg lite snø i Sør-Noreg. Grunna høge prisar heldt produsentane fram med relativt høg kraftproduksjon utover våren og inn i sommaren.

Kraftprisane i Europa er noko opp jamført med same halvår i 2025, men det er nordiske prisar som klart har heva seg mest. Opninga av spenningsoppgradert kraftlinje mellom NO3 og NO5 i Sogn har bidrege mykje til å løfte NO3-prisen.

Akkumulert driftsresultat for kraftproduksjon er 314,9 mill. kr per 1. halvår (26,2).

Akkumulert kraftproduksjon er på 406,7 GWh (426,1). Produksjonen ved utgangen av halvåret er om lag 99,1 prosent (101,6) av normalproduksjonen for perioden. Akkumulert snittpris i prisområdet for Midt-Noreg (NO3) per 30. juni var 92,9 øre/kWh (20,5).

I Tussa har vi betydelege inntekter frå tilleggsmarknadene utover spotmarknaden, men reservemarknadsinntektene har ikkje heldt fram med å stige på same vis som i 2025. Medrekna handel i intradag- og reservemarknadene, er total oppnådd kraftpris for første halvår 7,3 øre over spot (til samanlikning 7,1 øre i 2025).

IKT

Driftsresultatet for IKT er 26,3 (20,4) mill. kr for 1. halvår 2026.

Ved utgangen av 1. halvår vart det fakturert fiber til 17 860 hushaldningar og 1 331 bedrifter.

Forretningsområdet kommunikasjon hadde ved utgangen av halvåret ein auke i ekstern omsetning på 7,3 mill. kr, noko som utgjer 7,5 prosent vekst frå same tid i 2025. Hovudårsaken til dette er auka sal av internett- og TV-abonnement.

Ved utgangen av halvåret hadde forretningsområdet IT ein auke i den eksterne omsetninga på 10,4 mill. kr samanlikna med 1. halvår 2025. Dette gir ein vekst på 10,7 prosent. Hovudårsaken til dette er auka sal av driftsavtalar og sikkerheitstenester.

INSTALLASJON

Driftsresultatet for installasjon er 10,7 mill. kr (8,9).

Ved utgangen av halvåret hadde forretningsområdet ei omsetning på 142,9 mill. kr (135,3). Auken kjem av høgare aktivitet innanfor servicemarknaden og tavleproduksjon.

I marknadsområda som er knytt til større byggjeprojekt er situasjonen krevjande med låg byggjeaktivitet. Innanfor servicemarknaden er det god aktivitet, både mot næringskundar og privatkundar.

UTSIKTER FOR 2026

Den akkumulerte snittprisen i NO3 per 30. juni var 92,9 øre/kWh (20,5) og kraftprisane heldt seg på eit høgt nivå gjennom heile halvåret. Utsiktene for resten av året er òg sterke. Dette skuldast i stor grad den låge magasinfyllinga i landet, spesielt i NO3 og NO2. Om prisane held seg oppe utover hausten, eller eventuelt aukar, blir i stor grad avgjort av vêret.

Presset på prisane på fossile energibærarar som følgje av uroa i Midtausten, bidreg til høge gass- og kraftprisar i Europa. Prisprognosane for kraft utover hausten er sterke. Terminmarknadspris for NO3 ligg på 97 øre/kWh for fjerde kvartal.

Prognosane for IT, kommunikasjon og installasjon er positive, og bidraga frå Linja og Istad er venta å verte gode. Tussa ser såleis føre seg ei styrking av resultatet i andre halvår.

Resultat og balanse

Tal i tusen kr

Tussa Konsern

Resultat	1. halvår 2026	1. halvår 2025
Salsinntekt	350 241	319 232
Energisal	480 534	143 490
Anna driftsinntekt	3 363	4 478
Sum driftsinntekter	834 138	467 199
Varekostnad	108 142	99 198
Energikjøp og overføringskostnad	79 850	31 103
Lønskostnad	151 576	147 400
Anna driftskostnad	75 378	68 232
Sum driftskostnader	414 946	345 933
EBITDA	419 192	121 266
Avskrivning/Nedskrivning	78 460	76 360
Driftsresultat (EBIT)	340 732	44 906
Anna finansinntekt	121 452	109 852
Anna finanskostnad	41 238	57 474
Resultat av finansposter	80 214	52 378
Ordinært resultat før skattekostnad	420 946	97 284
Skattekostnad på ordinært resultat	163 886	17 711
Årsresultat	257 060	79 573

Balanse	1. halvår 2026	1. halvår 2025
Anleggsmidler	3 624 974	3 470 656
Omløpsmidlar	215 413	201 695
Sum egedelar	3 840 387	3 672 351
Eigenkapital	2 170 890	1 900 447
Avsetning for forpliktingar	153 405	162 808
Langsiktig gjeld	1 177 875	1 424 324
Kortsiktig gjeld	338 217	184 772
SUM EK/GJELD	3 840 387	3 672 351

Segment	Omsetning		EBITDA		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2026	2025	2026	2025	2026	2025	2026	2025
Kraftproduksjon	485 417	150 050	341 532	52 713	314 908	26 208	328 928	20 701
IKT	218 780	201 266	67 735	60 951	26 252	20 366	18 007	11 656
Installasjon	142 938	135 283	16 693	13 902	10 657	8 905	8 350	6 955
Andre	22 081	21 625	-6 767	-6 299	-7 160	-6 679	69 587	61 867
Eliminering	-35 077	-41 025	-	-	-3 925	-3 894	-3 925	-3 894
Totalsum	834 138	467 199	419 192	121 266	340 732	44 906	420 946	97 284